



Kjartan Sletten
Skauvegen 401A
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2342 - 17/26547

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
18.09.2017

Tilskot tilspesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 45/1 Sletten. Avslag.

Dokument:

Søknad om tilskot, motteke 14.07.2016.

Kostnadsoverslag og kart. Søknaden ligg over frå 2016, grunna at ein då hadde for lite pengar.

Søknaden:

Det gjeld rydding av utmark «for å kunne nyttiggjerast betre til beite».

Utmarka vert nytta som beite for storfe. Ønsket er å auke beitegrunnlaget.

Kostnadsoverslaget gjeld arbeid og er rekna til kr.37500,-. Det vert søkt om kr.28000,- i tilskot.

Areala som ein vil rydde er utmark. I gardskartet for eigedommen er områda sett som skogsmark av høg bonitet. Det er ikkje tilplanta og det er sparsam krattskog på området i dag.

Samla areal som ein vil rydde er 11,2da fordelt på fire teigar. Det går veg gjennom områda.

Areala har ikkje tidelgare vore dyrka eller vore sett som innmarksbeite.

Vurdering:

Det er rydding av tidlegare beita areal som har rett på tilskot. Det gjeld å halde i hevd gamal kulturmark.

Utmark og skog høyrer såleis ikkje til område der ein kan prioritere å gje tilskot til rydding.

Kommunen vurderer og i dette tilfellet at dersom dyr beitar i omsøkt område, vil dyra kultivere områda til beite sjølv med den vegetasjonen som står på staden i dag.

Søknaden har ligget over frå 2016. For 2017 har ein snarare fått mindre pengar til SMIL enn ein hadde i 2016. Det er naudsynt med streng prioritering og ein finn ikkje grunnlag for å løyve pengar til det tiltaket det her gjeld.

Ein seier seg lei for at melding om avslag kjem så lang tid etter at søknaden er sendt.

Vedtak:

Søknaden er handsama etter § 8 i forskrifta og søknaden vert avslått.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka. Frist for å klage er tre veker etter at ein har fått melding om vedtaket.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjartan Sletten

Skauvegen 401A 5957

MYKING